



Petter Northug mot mål og femteplass.

Jon-Inge Vetrhus blei nest beste suldløp.
Foto: Kjersti Eikemo.

Ølmedal Rundt

Vikedalsbu slo Petter Northug i sluttspurt.

Tomas Finnvik

Ølmedal Rundt på 2. pinsedag er etter kvart blitt ein både lang og triveleg tradisjon i Imsland. I 25 år har mykje folk samla seg for å anten gå eller springa dei om lag 7 kilometrane rundt Ølmedalsvatnet. I år var vêret ikkje det beste, likevel var det samla minst 1200 menneske. "Gåarane" tek turen om føremiddagen, og dei sprekaste har felles start klokka to.

Det er Vindafjord idrettslag som står som arrangør, men bygdefolket i Imsland hjelper godt til med matservering og andre praktiske gjere.

Kvart år har nokre av dei fremste idrettsstjernene i landet vore med og kasta glans over stemnet.

Det store trekkplasteret i år var Petter Northug. Han vart grundig intervjuja både før og etter løpet av speakeren Tor

Øyvind Skeiseid. Køen av autografsamlarar var også til tider lang. Northug gav eit svært sympatisk inntrykk og fortalde at han får ei mengd spørsmål om å vera med på ulike stemne om sommaren. Han lyt prioritera hardt, men til Ølmedal vil han. Om han vann gullmedalje i VM i Holmenkollen til vinteren, lova han å koma att neste år også.

Same vinnar som i fjor

Urige Buta som representerer HIL i Haugegesund, stiller nærast i ein klasse for seg. Denne lettbeinte maratonløparen er det lite å gjera med. Han slo nestemann, Terje Aggvin frå Gular, med over eitt minutt. Om dei neste plassane vart det spurt oppgjjer. Gaute Kvåle frå Røldal låg på tredjeplass, i hælane hans halsa Petter Northug og Ragnar Stølsmark. Stølsmark drog det lengste strået og slo Northug med 7 sekund. Han fekk same tid som Kvåle, men vart dømd først i mål. Å slå Northug i sluttspurt må kallast ei bragd!

God margin i kvinneklassa

Vigdis Bringedal Holst, som kjem frå stavangerlaget Sjalg, var like suveren vinnar som Buta. Ho slo Kjersti Fresvik frå Røldal med over minuttet. Tredjeplassen gjekk til Hanne Steinstrøm frå Torvestad.

Røldalssjentene gjorde det elles svært skarpt, dei tok fire av dei åtte første plassane.

Suldløpar gjorde det bra

Leif Inge Løland frå Hylsfjorden IL tok atandeplassen, Jon-Inge Vetrhus var nr 21, Leidulf Vikeså, Hylsfjorden IL vart nummer 31 og Lars Egil Bakka, Suldal vart nr 67. Øyvind Røgenes frå Erfjord IL vart nummer 39.

I kvinneklassa fann me berre Toyni Tobeck frå Hebnæs som kom frå Suldal. Ho gjennomførte i god stil, og kom inn som nr 33 av damene.

Lars Egil Bakka kom i mål som nummer 67.
Foto: Kjersti Eikemo.



Dei tre sprekaste jentene: vinnaren Vigdis Bringedal Holst, øvst, toar Kjersti Fresvik til venstre og Hanne Steinstrøm til høgre.

Fotball: 7. div.: Hjelmeland 2 - Suldal 2 2-3 (1-2)

I strålane vår kom me til Årdal frå kvar vår kant.

To bilar med stort sett rutinerte karar frå Stavanger, og ein bil med ungdommeleg pågangsmot frå Suldal. Det var tid for det næraste me kan kalle eit lokaloppgjjer!

Kampen starta godt frå vår side, og alt etter to minutt burde Vegard Aas ha sendt oss i leiinga då han kom gjennom og sette ballen i stanga. Vegard har vore ute med skade ei tid, og trong kamptrenning. Han viste gong på gong at han har fysikk som overgår det meste i 7. divisjon. Likevel det var først på fjerde sjansen at han sette ballen i mål. Det kunne han gjere etter ei flott dragning og innlegg frå Halil Husic. Men det var heimelaget som fekk første målet. Det kom sjølvstekt frå Hjelmeland sin målfjerer Ronny Mæland. Han utnytta markeringssvikt på eine sida vår, sprang gjennom det elles gode midtforsvaret vårt og sette ballen til sides for Ingve Berge i mål. Ingve spelte ein sikker og god kamp i mål.

Rett før pause fekk me leiar målet vårt, då Halil slo ein flott kornar som Vegard stanga i mål. Me burde hatt større leiing til pause. Forutan Vegard sine sjansar, hadde og Ørjan Underbakke ein kjempe sjans som han sette over.

I andre omgang kom heimelaget til nokre sjansar på hjørnespark, eit av dei klarerte Audun Hilde på streken. Det var likevel fortent då Christer Hansen kunne krige inn 3-1 inne i feltet etter flott forarbeid frå Vegard.

Dessverre lot me Hjelmeland komme inn i kampen igjen då dei reduserte på eit innlegg. Dette målet var litt surt, sidan Vidar Hilde skulle hatt eit klart frispark i forkant. Mot slutten hadde begge lag nokre sjansar, men ingen greidde å få uttelling. Dermed enda kampen med første bortesiger for Suldal i år.

Fakta finn du på www.suldal-il.no

Jon Bråtveit